

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/19	Levekårsutvalet	PS	12.02.2019
015/19	Plan- og miljøutvalet	PS	13.02.2019
014/19	Formannskapet	PS	14.02.2019
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	15/3983

Justering av kommunal planstrategi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret justerer kommunal planstrategi slik det går fram i saka.

Levekårsutvalet - 006/19

LE - behandling:

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-ass.rådmann
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:

- Kommunestyret justerer kommunal planstrategi slik det går fram i saka.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet og Plan- og miljøutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Lindås kommune vedtok kommunal planstrategi 2016 – 2019 i kommunestyremøte 15.09.16 (PS 67/16). Planstrategien er eit verktøy for planprioritering og ein del av det overordna plansystemet i kommunen. Gjennom arbeidet med planstrategien blir eksisterande planar vurdert opp mot dei behov og utfordringar som kommunen har i komande kommunestyreperiode. Kravet om kommunal planstrategi kom inn i plan- og bygningslova i 2010, og alle kommunar skal ha sin planstrategi på plass innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert.

I kommunestyresak 10/18 (februar 2018) blei den kommunale planstrategien rullert. I den politiske handsaminga blei det lagt inn eit nytt punkt om at områdeplan for Lindås skal prioriterast i Lindås kommune med oppstart og vedtak av planprogram 1.halvår 2019. Følgjande planar blei prioritert gjennomført etter rullering:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplan Knarvik – Alversund med Alverstraumen
- Områdeplan for Ostereidet
- Områdeplan for Alversund
- Områdeplan for Lonena
- Planprogram for områdeplan Lindås
- Kommunedelplan helse, sosial og omsorg
- Kommunedelplan for kulturminner
- Kommunedelplan for vatn, avløp og veg
- Strategisk næringsplan

Status for arbeidet med prioriterte planar per januar 2019:

Plan	Status
Kommuneplan	
Kommuneplanen sin arealdelen	Medverknadsprosess er gjennomført og innspel har vore innom siling i styringsgruppa. Planlagt til vedtak i kommunestyret sept 2019
Kommunedelplan - areal	Status
Alversund – Knarvik med Alverstraumen	Medverknadsprosess er gjennomført og innspel har vore innom siling i styringsgruppa. Planlagt til vedtak i kommunestyret sept 2019
Områdeplanar	Status
Områdeplan Ostereidet	Planen er i prosess. Det blir særleg jobba med avklaringar rundt hall, sentrum og veg/infrastruktur
Planprogram områdeplan Lindås	Proessen er ikkje starta
Områdeplan Alversund Områdeplan Lonena	Vedtatt 2018 Planen er i prosess. Planlagt ferdig vår 2019
Kommunedelplan fag	Status
Helse, sosial omsorg	Vedtatt 2018
Vatn, avløp og veg	Planprosess er starta. Planlagt vedtatt juni 2019
Kulturminner	Arbeidet med kartegging er starta
Sektor- og hovudplanar	Status
Strategisk næringsplan	Vedtatt 2018

Vurdering:

I arbeidet med planstrategi 2016 – 2019 blei det lagt vekt på at ein må prioritere dei riktige planane fram mot ny kommune. Bakgrunnen for rulling av planstrategien i 2018 (Sak 10/18) var både tid, kapasitet og prosess med kommunesamanslåing. Med bakgrunn i kommunesamanslåinga er det viktig at alle prioriterte planar blir vedtatt før sommaren 2019, men kommunestyremøtet i september er ein siste mulighet.

Erfaringa det siste året er at planprosessar er krevjande og omfattande – særleg dei overordna planane. Det krev også mykje politisk og administrativ kapasitet når kommunen gjennomfører store planprosessar parallelt. For planavdelinga, som har ansvar for dei store arealplanane, har det også vore ein del organisatoriske endringar som har påverka kapasitet og framdrift i planarbeidet. I tillegg har organisasjonen det siste året vore i full gang med å bygge ein ny kommune, og dette arbeidet blir intensivert utover våren.

Per februar 2019 er alle dei store planane i prosess, men tid og kapasitet er ein stor risiko. Det skal ikkje mange hindringar til før det blir utfordring å kome i mål før vi blir Alver kommune. Rådmannen ser behov for å gjere ytterligere justeringar i planstrategien for å vere sikker på å kome i mål. I rullinga i 2018 var det et politisk ønskje om å prioritere arbeidet med eit planprogram for ein områdeplan for Lindås. På grunn av tid og kapasitet anbefaler rådmannen at dette arbeidet blir flytta til Alver, men vurderingar rundt Lindås-området kan bli tatt med i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA). Utvikling av Lindås-området vil bli omtalt i planskildringa til kommuneplanen. Dersom prosessen med KPA viser at Lindås-området krev ein meir detaljert prosess, er det mulig å foreslå at Lindås-området får ei særskilt omsynssone for felles planlegging i KPA. Slik vil dette bli eit prioritert planleggingsområde inn i Alver kommune.

Rådmannen foreslår derfor følgjande justeringar i planstrategi i 2019:

Plan	Prioritering	Kommentar
Kommuneplanen sin arealdel	Prioritert	Vedtatt i kommunestyret september 2019
Kommunedelplan Alversund – Knarvik med Alverstraumen	Prioritert	Vedtatt i kommunestyret september 2019
Områdeplan Ostereidet	Prioritert	Vedtatt i kommunestyret juni 2019
Planprogram områdeplan Lindås	Ikkje prioritert	Politiske ønskjer for Lindås blir handtert i kommuneplanen sin arealdel
Områdeplan Lonena Kulturminner	Prioritert	Vedtatt i kommunestyret vår 2019
	Delvis Prioritert	Vi gjennomfører ei kartlegging av kulturminner som grunnlag for ein plan i Alver.
Vatn, avløp og veg	Prioritert	Det blir ikkje laga ein kommunedelplan, men ein temaplan. Det gir ein enklare planprosess. Vedtatt i juni 2019